



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Telefonmøte
Dato: 15.03.2019
Tidspunkt: 14:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.



Gjuvvassåni i Valle kommune 26 februar 2019- foto: Guro Sødergren

Saksliste

Utvalgs- saksnr

Innhold

AU 8/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 9/19	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 10/19	Orienteringssaker
AU 11/19	Søknad om bruk av snøscooter i samband med skredøving. Otra kraft. Bykle kommune.
AU 12/19	Prioritering av tiltaksmidlar for 2019
AU 13/19	Søknad frå DNT-sør om renovering av Sloaros turisthytte i Bykle kommune.
AU 14/19	Eventuelt

AU 8/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**AU 9/19 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen
saman med styreleiar**

AU 10/19 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/2453-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 07.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	11/19	15.03.2019

Søknad om bruk av snøscooter i samband med skredøving. Otra kraft. Bykle kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om bruk av snøscooter i samband med skredøving. Otra kraft. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 gir arbeidsutvalet Otra Kraft/Otteråens brugseierforening løyve til bruk av inntil 7 snøscooterar i samband med skredøving og val av sikker køyreprase på strekninga Øystøyl – Store Urevatn i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Køyreruta er merka av i kart som følgjer saka. Løyvet gjeld for dagane 11. og 12. mars 2019 og for inntil 2 turar pr. dag.

Andre vilkår for løyvet:

- Om det vert observert villrein nær køyreruta skal snøscooterane straks stoppe og vende om. Alternativ rute kan da nyttast om dette ikkje uroar villreinen.
- Snøscooterane skal køyre i følgje.
- Dette løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag*.
- Om transporten går over andre sin eigedom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten.
- Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel i periodar om omsynet til viltet tilseier det.


Som grunngeving for vedtaket legg arbeidsutvalet vekt på at køyringa gjeld for ein avgrensa periode og omfang. Vidare at det jamfør vilkåra skal takast særskilte omsyn om det vert observert villrein i området under køyringa. Søkar er avhengig av å operera i desse områda gjennom året, og der det er viktig at verksemda kan gjennomførast på ein trygg måte.

Saksopplysninger

Otra Kraft/Otteråens brugseierforening har søkt om bruk av snøscooter i Setesdal Vesthei Ryfylke landskapsvernområde (SVR). Søknaden gjeld for bruk av snøscooter i samband med skredøving 11-12 mars 2019. Skredøvinga er ein del av HMS-arbeidet i verksemda. Transportstrekning er Øystøyl – Skarjesvatn – Smalevatn – Sandvodtjønri – Urevatn. Køy reruta går parallelt med, og delvis på, eksisterande anleggsveg inn til Store Urevatn. Sjå kart nedanfor. Skredøvinga skal gjennomførast i samarbeid med Norske redningshunder v/Bjørgulv T. Bjørnarå. Sjølv skredøvinga skal gjennomførast utanfor verneområdet. Søknaden gjeld såleis bruk av snøscooter for øving på val av sikker køyretrase i samband med tilsyn av kraftanlegga i området. Rasutsette område ligg i hovudsak innanfor vernegrensa og slik øving må difor leggest i verneområdet. Det er søkt om bruk av inntil 7 snøscooterar og med 1-2 turar pr. dag.

Søkar har frå før løyve til bruk av snøscooter (delegasjonssak 27/2015) men dette dekker ikkje dette føremålet.

Kart over køy rerute:



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er ikkje gjeven ein spesifisert dispensasjonsheimel for denne type øvingskøyring. Søknaden må difor handsamast etter Naturmangfoldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtaket). For å gi dispensasjon etter § 48 er det ein føresetnad at transporten det er søkt om ikkje strir mot føremålet i vernevedtaket. Det er og ein føresetnad at det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. For tolking av nemnde vilkår naturmangfoldloven § 48 har Miljødirektoratet i rundskriv M106-2014 lagt til grunn:

- *Dispensasjonsbestemminga er i utgangspunktet meint for tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved opprettinga av verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forstyrningar av forbigåande karakter.*
- *Forutsetninga for bruk av § 48 i slike tilfelle er at aktiviteten eller tiltaket oppfyller vilkåra i §48 og at det ikkje vart teken konkret stilling til aktiviteten eller tiltaket ved opprettinga av verneområdet.*
- *Bestemminga skal være ein ventil for særskilde tiltak som ikkje kunne føresjåast eller ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.*
- *Bestemminga gjer klar rettleiing om at omsynet til verneverdiane skal være overordna for eksempel næringsinteresser.*
- *Om ein ikkje er sikker om verkingane tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiane, bør føre-var-omsynet leggjast vekt på i vurderinga.*

Transportstrekninga går i restriksjonssone 2 Vatnedalsheii. Jamfør verneforskrifta § 4.2 er all ferdsel forbode i perioden 25. april – 31. mai.

Vurdering

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (§8)



Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no).

Køyreruta går i eit område som villreinen ofte nyttar. I naturbasen er det merka av fleire trekkruiter for villrein på strekninga. I perioden vegen er ope for ålmenta (sommars/haust) kryssar villreinen i liten grad vegen. Dette dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet. Det er ikkje registrert lokalitetar for andre sårbare eller truga arter i dette området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderar ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Anleggsvegen og kraftmagasinet Store Urevatn setter sitt preg på området. Som nemnd er det mykje ferdsel på anleggsvegen den tida den er open. Gjennom vinteren er ferdsla i all hovudsak avgrensa til bruk av snøscooter for tilsyn og drift av kraftanlegga i området. I tillegg noko trafikk inn til driftshusvære for eigedomane. Ut frå mengde inngrep og teknisk anlegg er den samla belastninga i området høg. Det er likevel ei svært avgrensa ferdsel gjennom vinterhalvåret. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i område. Her er det og ei poeng at transporten er planlagt gjennomført i ein periode på året da villreinen etter ein lang vinter er særleg sårbar for forstyrring.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Søkar opplys at om det vert observert villrein i området under transporten vil dei avbryte køyringa og velje ein annan trase. Under køyringa er det eit poeng at scøscooterane køyrar i følge.

Vurdering etter naturmangfoldlova § 48

Køyninga er avgrensa til to dagar og der støy og forstyrring er av forbigåande karakter. Forvaltar vurderer at det såleis ikkje strir mot vernevedtaket eller vil påverke verneverdiane nemneverdig. Køyninga skjer i ei tid på året der villreinen er særleg sårbar for forstyrring. Det er difor avgjerande at køyninga vert avbroten og ein vurderer alternativ trase om det vert observert villrein i området.

Andre vurderingar

Sjølv om det er lite snø i heia i år vurderer forvaltar det slik at det likevel er mogleg å få utbytte av øvinga og val av sikker køyretrase. For tilsyn og vedlikehald av kraftanlegga gjennom året er regulant avhengig av å kunne fardast i desse områda gjennom store delar av året. Forvaltar har forståing for viktigheita av øving ut frå eit HMS-perspektiv i verksemda.

Konklusjon

Søknaden gjeld i ein avgrensa periode og med eit avgrensa tal snøscooterar. Støy og forstyrring er av forbigåande karakter og der den ikkje vert gjennomført, eller der ruta vert lagt om, viss det vert observert villrein i området. Søkar er og avhengig av å operera i desse områda gjennom året, og der det er viktig at verksemda kan gjennomførast på ein trygg måte. Søknaden bør difor kunne innvilgast på nærare vilkår .

Kopi:
Bykle kommune



Fylkesmannen i Agder

**SØKNADSSKJEMA FOR TRANSPORT MED MOTORISERT FERDSEL I OG
UTANFOR VERNEOMRÅDA
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.**

Generelle opplysningar

Søkar Otra Kraft (OK) / Otteraaens Brugseierforening (OB)

Adresse c/o Otra Kraft

Postnummer og stad Setesdalsvegen 3455, 4748 Rysstad

Tlf. 379 36700 E-post gjermund.espetveit@otrakraft.no
48139850

Kva type transport er det du søkjar om? (sett kryss)

- helikopter
 snøskuter
 noko anna motorisert (kva?).....

Søknaden gjeld **IKKJE** innan verneområde

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I såtilfelle sett kryss

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde
 Dyraheio landskapsvernområde
 Kvanndalen landskapsvernområde/Holmevassåno biotopvernområde
 Lusaheia landskapsvernområde
 Vormedalsheia landskapsvernområde
 Frafjordheiane landskapsvernområde
 Hovden landskapsvernområde
 Steinbuskardet- Hisdal biotopvernområde
 Holmevassåno biotopvernområde
 Vidmyr naturreservat
 Lislevatn naturreservat
 Ljosdådalen naturreservat

gnr 6, 10, 11 + fleire bnr

Søknaden gjeld gnr...../bnr..... i Bykle.....kommune.

Er søker hjemmelshaver på eiendommen ja nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.
Finnes det flere løyver knyttet til eiendommen?

Søknaden gjeld også for ~~(næraste familie som ektefelle, sambuar og~~

~~barn)~~..... (maksimalt eitt køyretøy per tildelt tur). operator Agder Energi Vannkraft (AEVK)

maks. 7 snøskoterar pr.tur

skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg (sett kryss)

j. fr side 1.

Formål

Utdjup formålet (antal transportar og periode, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transportar pr. år med snøskuter (løyvet følger kommunalpolitisk periode)

Søknaden gjeld skredøvelse 11-12. mars 2019.
AEVK gjennomfører øvelsen som del av HMS -
arbeidet i bedrifta

Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggest ved)

Øystøyl - Skarjesvatnet - Smalevatn - Sandvoldfjorni -
Lurevatn (inntak - Lukehus - tipp)

Andre opplysningar j. fr. Kart (raud strek)

j. fr. søknad pr. e-post dat. 27/2-2019.
MB!

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad. Øystøyl Dato. 4/3-2019

Underskrift. Eivind Espetved


Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast. Dersom transporten går gjennom fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.

www.svr.no

post@svr.no



Rysstad 04.03.2019

Gjermund Espetveit

Otra Kraft



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2018/11857-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 12.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	12/19	15.03.2019

Prioritering av tiltaksmidler for 2019

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet fordeler midlane til tiltak i verneområda for 2019 på denne måten:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttemyr, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttemark, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttemyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	20.000
4.	Skjøtsel slåttemark, Mån	Frafjordheiane/Forsand	25.000
5.	Skjøtsel slåttemyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	40.000
			140.000
<u>Nye skjøtselstiltak</u>			
6.	Rydding slåttemark, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Bevaringsmål for Hubro lokaliteter	SVR/Sirdal, Valle	20.000
			40.000
<u>Påbyrja og utsette tiltak frå 2018</u>			
8.	Restaurering av drifteveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	70.000
9.	Fjerning boreboltar, Kjerag	Frafjordheiane, Forsand	40.000
10.	Klopplegging, Taumevatn	SVR/Sirdal	40.000
			145.000
<u>Tiltak på innfallsportane</u>			
11.	Utviding av parkeringsplass, Røssdalen	Frafjordheiane/Forsand	80.000
12.	Nytt toalettbygg, Eikeskog	Frafjordheiane/Gjesdal	100.000
13.	Oppgradering av tursti, Hovdenuten	SVR/Bykle	400.000



14. Rydding/merking av turstiar, Bortelid	SVR/Åseral	90.000
15. Kloppelegging av turstier, Ljosland	SVR/Åseral	90.000
		740.000

Andre informasjonstiltak

16. Informasjonsfolder til turrenn	Alle områder	10.000
------------------------------------	--------------	--------

Total sum **1.100.000**

Saksopplysninger

På bakgrunn av vedtak i AU sak 37/18 meldte verneområdestyret inn behov for tiltaksmidler for 2019 til Miljødirektoratet. Den totale søknadssummen var på kr 2.040.000,- og 24 ulike tiltak i verneområda vart prioritert i denne rekkefølga:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttemyr, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttemark, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttemyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	20.000
4.	Skjøtsel slåttemark, Mån	Frafjordheiane/Forsand	25.000
5.	Skjøtsel slåttemyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	40.000
	<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>		140.000
<u>Nye skjøtselstiltak</u>			
6.	Rydding slåttemark, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
7.	Bevaringsmål for Hubro lokalitetar	SVR/Sirdal, Valle	20.000
8.	Utarbeiding av skjøtelsplan, Brattelid	SVR/Bykle	15.000
	<i>Sum nye skjøtselstiltak</i>		55.000
<u>Påbyrja og utsette tiltak frå 2018</u>			
9.	Restaurering av drifteveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	80.000
10.	Fjerning boreboltar, Kjerag	Frafjordheiane, Forsand	40.000
11.	Restaurering av jordhytte, Stranddalen	Dyraheio/Suldal	40.000
12.	Kloppelegging, Taumevatn	SVR/Sirdal	50.000
	<i>Sum påbyrja og utsette tiltak</i>		210.000
<u>Tiltak på innfallsportane</u>			
13.	Utviding av parkeringsplass, Røssdalen	Frafjordheiane/Forsand	100.000
14.	Toalettbygg, Eikeskog	Frafjordheiane/Gjesdal	100.000
15.	Informasjonsskilt, Eikeskog	Frafjordheiane, Gjesdal	360.000
16.	Oppgradering av tursti, Hovdenuten	SVR/Bykle	500.000
17.	Informasjonsskilt, Galten	Hovden/Bykle	160.000
18.	Rydding/merking av turstiar, Bortelid	SVR/Åseral	100.000
19.	Kloppelegging av turstier, Ljosland	SVR/Åseral	100.000
20.	Forprosjekt, tursti Håheller	SVR/Sirdal, Valle	50.000
21.	Kloppelegging, Bleskestadmoen	Dyraheio/Suldal	30.000
22.	Restaurering av varden på Svarvaren	SVR/Valle	100.000



<i>Sum tiltak på innfallsportane</i>		1.600.000
<u>Andre informasjonstiltak</u>		
23. Informasjonsfolder til turrenn	Alle områder	10.000
<u>Andre tiltak</u>		
24. Kartlegging av ferdsel Store Urarvegen SVR/Bykle		25.000
Total sum		2.040.000

Svaret frå Miljødirektoratet kom 13.02.2019. Her vart verneområdestyret tildelt kr 1.100.000,- til tiltak i verneområda for 2019. Miljødirektoratet kommenterte i sitt svar at tiltak 11, «Restaurering av jordhytte i Stranddalen», ikkje vart prioritert i årets tildeling.

Med ei tildeling frå Miljødirektoratet på kr 1.100.000,-, fekk vi kr 940.000,- mindre enn det vi hadde søkt om. Det blir derfor nødvendig med ein del omprioriteringar i høve til behovet for tiltaksmidlar som vart meldt inn i AU sak 37/18.

Vurdering

For å halde seg innanfor den tildelte ramma vil forvaltningssekretariatet foreslå at nokre tiltak blir tatt heilt ut av lista, mens andre tiltak får ei noko redusert tildeling. Så langt det er mogleg ønskjer forvaltningssekretariatet at pågåande skjøtelsprosjekt skal prioriterast saman med prosjekt som vart påbyrja eller utsett i 2018. Ein ønskjer og å komme i gang med flest mogleg av tiltaka på innfallsportane som er peika ut i besøksstrategien. Ein del av desse tiltaka vil få ei mindre tildeling enn først planlagt, men vil likevel kunne gjennomførast.

Når tildelinga for 2019 vart såpass avgrensa vil forvaltningssekretariatet foreslå at tiltak knytt til informasjonsskilt ved innfallsportane i besøksstrategien blir utsett til 2020. Miljødirektoratet har ennå ikkje fått på plass felles rammeavtalar for produksjon og utforming av desse informasjonsskilta, slik at ein kan spare både pengar og arbeidstid med å vente eit år.

Ein har så langt som mogleg forsøkt og skjerme tildelinga til turstien til Hovdenuten. Her har Bykle kommune stadfesta at arbeidet kjem i gang i år, både i høve til konkrete tilretteleggingstiltak på turstien og forprosjektet til ein installasjon oppe på toppen.

Vi kjem i tillegg til å søke om midlar frå Miljødirektoratet sine supplerande tildelingsrundar i juni og november 2019, men det er uråd å vite kor store summer dette kan dreie seg om.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/1916-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 11.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	13/19	15.03.2019

Søknad frå DNT-sør om renovering av Sloaros turisthytte i Bykle kommune.

Vedlegg

- 1 2019 Renovering av Sloaros - beskrivelse av prosjektet
- 2 Tegninger eksisterende hytte og nytt forslag

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 gir arbeidsutvalet DNT-sør løyve til rehabilitering av Sloaros turisthytte slik det går fram av søknad datert 19.2.2019. Løyve gjeld følgjande tiltak:

- Bygging av delvis ny hovudhytte til erstatning for den gamle delen som skal rivast.
- Bygging av vindfang på om lag 3 m² på hovudhytta
- Skifte av kledning og taktekke på den nye delen av hovudhytta
- Skifte av inngangsdør på sikringshytta

Dei landskapsmessige verknadane av tiltaka vil vera minimale. Overnattingskapasiteten vert ikkje auka og det inneber inga generell standardauke på turisthytta. I byggeperioden vert det monaleg aktivitet og forstyrring i området, men dette er av forbigående karakter og avgrensa til ein kort periode i ein liten sårbar tid på året. Ut i frå dette kan arbeidsutvalet ikkje sjå at tiltaka strir mot verneføremålet eller vil påverke verneverdiane nemneverdig jamfør naturmangfaldlova § 48.

Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Alt av rivningsmateriale og bygningsavfall skal samlast og transporterast ut for levering på godkjend avfallsmottak.
- Bygningsarbeidet skal vera avslutta til villreinjakta startar 20. august.
- Det må søkast Bykle kommune om tiltaka for handsaming etter Plan- og bygningslova
- Løyvet gjeld fram til 20. mars 2021. Forvaltningssekretariatet skal ha melding så snart arbeidet er ferdig.



For bruk av helikopter til transport av material og utstyr må det søkast særskilt.

Saksopplysninger

DNT-sør har søkt om tillating til å renovere Sloaros turisthytte i Bykle. Tiltaka er av så omfattande karakter at det er søknadspliktig etter verneforskrifta for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde.


Sloaros th. ligg i øvre del av Setesdal og inngår i rutenettet Haukeliseter – Holmevasshytta – Sloaros – Hovden. Sloaros th. består av hovudhytta, sikringshytte og vedbo/do. Det er til saman 26 sengeplassar. Årleg har turisthytta om lag 600 overnattingar. Turisthytta vart bygd i 1966 og fekk i 1992 eit tilbygg med kjøkken/stue og eitt soverom. Det er gjennomført ei tilstandsvurdering av byggmeister der tilrådinga er å rive det meste av den gamle hytta, samt bygge noko nytt. Den eldste delen er i dårleg stand og berer preg av å ha siget ned pga. underdimensjonering på berepunkt. Det er og lekkasje i taket og der vindaugo er skada av rote. Det skal og gjerast tiltak på resterande del av hytta samt på sikringshytta. Nedanfor er det gjort ei oppstilling av aktuelle tiltak. Sjå og søknad med teikningar (vedlegg 1 og 2):

- Rive den gamle delen av hytta og bygge nytt med tilsvarande areal og takvinkel. Inndelinga av rom vil endrast men utan at tal sengeplassar vert auka. Det krev graving av hull til nye pilarar (18. stk) og der dette skal gjerast for hand.
- På eksisterande platting vert vindfanget bygga noko ut. Dette gir ein auka storleik på om lag 3 m². BYA.
- Skifte av kledning på den nye delen. Det skal nyttast royalimpregnert kledning og takbord tilsvarande som på Bossbu th. I dag er det nytta shingel på taket.
- Skifte av ytterdør og innvendig renovering av vindfang på sikringshytta. I tillegg jekke opp hytta i det eine hjørnet.

Byggetida er estimert til 8 veker sommaren 2019 og med oppstart veke 25 eller 26. Arbeidet skal vera ferdig i løpet av veke 33, dvs. før 20. august.

Rivningsavfall skal buntast og fraktast ut med helikopter for levering på avfallsanlegg. Det går fram av søknaden at grunneigar Øystein Sauro er informert om planane og er positiv til tiltaka.

Plassering av hytta går fram av kart nedanfor.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Etter forskrifta kap. 1.1 er oppføring av bygningar ikkje tillate. Jamfør kap. 1.3.c kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gi løyve til *mindre tilbygg til eksisterande bygningar*. Av verneforskrifta kap. 1.2.b går det fram at vedlikehald av bygningar er tillate. Av forvaltningsplanen kap. 2.3.4 går det fram at normalt vedlikehald som ikkje endrar storleik og fasade er tillate utan søknad. Endring av fasade, som skifte til annan type kledning, taktekke, dørar og vindaugo, er søknadspliktig.

Ut frå dette vurderer ein at følgjande av tiltaka det er søkt om må handsamast etter unntaksbestemminga i naturmangfaldlova § 48 da tiltaka ikkje er omfatta av ei spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta:

- Bygging av delvis ny hovudhytte til erstatning for den gamle delen som skal rivast. I tillegg nytt vindfang da dette er ein del av oppattføringa.
- Utvendig vedlikehald som inneber fasadeendring, dvs. skifte av kledning og taktekke på hovudhytte, samt dør på sikringshytta

For å gi dispensasjon etter § 48 er det ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot føremålet i vernevedtaket. Det er og ein føresetnad at det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. For tolking av nemnde vilkår naturmangfaldlova § 48 har Miljødirektoratet i rundskriv M106-2014 lagt til grunn:

- *Dispensasjonsbestemminga er i utgangspunktet meint for tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ikkje vart vurdert ved opprettinga av verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forstyrningar av forbigåande karakter.*
- *Forutsetninga for bruk av § 48 i slike tilfelle er at aktiviteten eller tiltaket oppfyller vilkåra i §48 og at det ikkje vart teken konkret stilling til aktiviteten eller tiltaket ved opprettinga av verneområdet.*
- *Bestemminga skal være ein ventil for særskilde tiltak som ikkje kunne føresjåast eller ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.*
- *Bestemminga gjer klar rettleiing om at omsynet til verneverdiane skal være overordna for eksempel næringsinteresser.*
- *Om ein ikkje er sikker om verkingane tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiane, bør føre-var-omsynet leggjast vekt på i vurderinga.*

Vurdering

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.


Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no).


Områda nord-vest for Hovden inkludert Sloaros er viktige vinterbeite for villrein. Dette godt dokumentert gjennom GPS-merkeprosjektet. Kartutsnittet under syner registreringer for november – april og mai – oktober for heile merkeperioden. Sloaros th. ligg noko til høgre for midten av bileta.




GPS-pkt. november – april 2006 - 2017



GPS-pkt. mai – oktober 2006 - 2017



Kart frå naturbasen som syner trekkvegar for villrein i området. Sloaros th. merka med raud sirkel



Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbare artar i områda der tiltaka skal skje.

Ut frå omtalen ovanfor vurderar ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).

Som nemnd i innleiinga inngår Sloaros th. i rutenettet Haukeliseter – Holmevasshytta – Sloaros – Hovden med om lag 600 overnattingar i året. Det har vore rimeleg stabilt på dette nivået dei siste 5 åra. For drift av turisthytta er det ein del motorferdsel inn til denne, hovudsakeleg med snøscooter frå Hovden. Frå februar månad vert traseen frå Hovden til Sloaros th. merka med stikker. Dette vert fjerna seinast 25. april. Frå vinterferien vert traseen også preparert med løypemaskin får Hovden så fremt ver og føre tillet det og det ikkje vert observert villrein langs traseen. Mellom vinterferie og påske er det bare tillate med preparering i helgene. Nord-vest for Sloaros th. ligg dei regulerte magasin Holmavatn og Sandvatn og der det gjennom året er ein del motorisert ferdsel for drift av reguleringsanlegga. Hovudtyngda av denne ferdsla kjem frå vest dvs. i frå Suldal. Sør for Sloaros th. ligg Skyvatn som også er regulert. Det er elles nokre få driftshusvære i området. Desse vert i hovudsak nytta i samband med villreinjakta.

Totalt sett vurderer ein belastninga frå ferdsel å vera moderat i området og med ei særleg tyngde på seinvinteren fram til påska er slutt.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)

Søkar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Rivningsmateriale og bygningsavfall skal samlast inn for uttransport. Bygningsarbeidet skal etter planen gjennomførast i ein periode der viltet er mindre sårbare for forstyrring.



Vurdering etter naturmangfaldlova § 48

For å gi dispensasjon etter § 48 er det ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot føremålet i vernevedtaket. Det er og ein føresetnad at det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Turisthytta vil i utforming og storleik langt på veg vera som i dag etter at bygningsarbeidet er gjennomført, og det er berre aktuelt med ein sær avgrensa auke i storleiken som følgje av bygging av vindfang. Det skal skiftast taktekke og kledning på hovudhytta, men dette innafor retningslinene gjeven om materialbruk i forvaltningsplanen kap. 2.3.5 (ståande kledning og torv, stein eller tre på taket). For skifte av dør på sikringshytte må ein forutsette at denne passar godt inn i eksisterande stil på bygningen. Ut i frå dette vurderer forvaltar det slik at dei landskapsmessige verknadane av dei samla tiltaka vil vera minimale.

Overnattingskapasiteten vil ikkje bli auka på turisthytta som følgje av renoveringa, og det er ikkje tale om ei særleg standardheving. Ein liten auke i overnattinga, og ferdsla som følgjer av dette, må ein kanskje forvente dei første 2-3 åra etter bygginga når folk vil inn å sjå på hytta i renoverert form. Trong for vedlikehald/renovering er godt dokumentert og der forvaltar har forståing for at det er ønskjeleg å gjere dette relativt omfattande når ein først er i gong.

I byggeperioden vil ein få ein relativt omfattande aktivitet og motorisert ferdsel inn til turisthytta. Det er positivt at dette vert lagt til ein lite sårbar periode på året og der ein legg opp til ein relativt kort og intensiv byggeperiode.

Ut frå vurderingane ovanfor kan forvaltar ikkje sjå at tiltaka strir mot verneføremålet eller at det vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Konklusjon

DNT-sør vert gjeven løyve til rehabiliteringa av Sloaros turisthytte slik det er søkt om. Det må sendast inn eigen søknad om bruk av helikopter for transport i samband med bygginga.

Søknad om renovering av Sloaros hytta

Beskrivelse av prosjektet.

Sloaros ligger i øvre del av Setesdal og er en sentral hytte på løypa fra Haukeliseter – Holmavasshytta - Sloaros til Hovden.

Anlegget består av hovedhytte, sikringshytte, vedbod/do og har til sammen 26 sengeplasser.

Og har om lag 600 overnattingsdøgn pr år.

Beskrivelse av prosjektet:

Hovedhytta ble bygd i 1966 og fikk i 1992 et tilbygg med kjøkken/stue og ett soverom.

Den gamle delen fra 1966 består av tre soverom, proviantlager, vaskerom og gang. Denne delen er meget dårlig og har seget 15cm fra sør mot nord, alle dragere bærer preg av nedsig på bærepunkter på grunn av underdimensjonering. Spesielt langs fasaden mot nord er det et stort nedsig på midten.

I tillegg er det lekkasje i taket i den eldste delen og bør skiftes, det samme med vinduene i soverommene som er råtne.

Tilstandsrapporten foretatt av Byggmester Kåbuland & Skårdal, høsten 2018 gir en anbefaling om å rive det meste av den gamle delen og bygge nytt, noe kan kanskje beholdes.

Arkitekt Morten Østerud har tegnet et forslag som tilsvarer samme arealet på 40m², med en bedre inndeling av rommene. Hytta vil da få tre 4-sengsrom og ett 2-sengsrom, et stort tørkerom med ovn, proviantlager og vindfang. Dagens hytte består av tre soverom med to 4-sengsrom og ett 6-sengsrom, et lite vaske/tørkerom, et lite proviantlager og vindfang.

Som tegningen viser vil arealet og takvinkel være det samme som nåværende hytte, kun en liten endring av vindfanget som vil bygges litt ut på eksisterende plattning.

Grunnarbeidene med graving av hull til nye pilarer, 18 stk, det antas at gravingen kan gjøres for hånd.

Utvendig kledning på hele hytta blir skiftet til royalimpregnert kledning, og takbord på taket lik hytta på Bossbu. Dette på grunn av mindre vedlikehold framover.

På sikringshytta må ytterdøren skiftes og vindfanget renoveres innvendig med ny panel, i tillegg må hytta jekkes opp i det ene hjørnet.

Byggetiden er estimert til 8 uker sommeren 2019 og vil stå ferdig før 20. august, regner med oppstart i uke 25 eller 26 og ferdig i uke 33.

Gamle materialer som blir revet bunes og fraktes ut med helikopter, og med levering til avfallsanlegg.

Hytta renoveres av byggmestere sammen med frivillige fra DNT Sør, den samme byggemåten som har foregått på alle DNT Sør hytter, som er renoverte, de siste ti årene.



Grunneier Sauro er informert om renoveringen og er positiv til tiltaket.

Vi ber om en snarlig vurdering av søknaden.


Kristiansand, 19. februar 2019

DNT Sør


Mie Kaasa | driftsleder




Easade syd.



Snitt.



Easade nord.



Easade vest.

- Eksisterende vegger
- 36x68mm bv.
- 36x148mm bv.


Dato	Mål
9/9-92	1:100
Sloares, Hovden.	

DNT-501A
 LØSLAG NY LØSNING
 FOR SHOROS.

DATO 10.12. 2018


MÅL:
 SIGN.

Mater. Poterød Siv.ARK.



EKS. — NY LØSNING


FASADE SYD.



SNITT.

NØ (SNITT MÅ TILPASSES EKS. B766
 HHT. HØYDE - TAKVINKEL OG
 HØYDE.) - SAMT KONSTRUKSJON

DNT-SØR
FORSLAG NY LØSNING
FOR SHAROS.
DATO 10.12. 2018
MÅL:
SIGN. Morten Peterød Siv.ARK.



FAÇADE SYD.

PLAN - SØR.


TORSLAG NY LØSNING
FOR SLOAROS.

DAED 10.12.2018

MÅL: 1:50

SIGN. Møte Østend Siv.Ark.

0 0.5 1M OS



EKS. — RIVES / BYGGES NY -
SAMME MÅL OG
HØYDE SOM DAGENS

AU 14/19 Eventuelt